

Fråsegn frå styret i Noregs Mållag 25. februar 2006

Til
Utdannings- og forskingsdepartementet
postmottak@ufd.no

Dykkar journalnummer 200500144

HØYRINGSFRÅSEGN

”STRATEGI FOR DIGITALE LÆRINGSRESSURSER 2005-2008”

Noregs Mållag viser til strateginotat frå UFD dagsett 6.1. 2005, ”Strategi for digitale læringsressurser 2005–2008”.

Vårt utgangspunkt er at regjeringa gjennom Kulturmeldinga har sagt at perioden fram til 2013 skal brukast til systematisk styrking av nynorsk skriftkultur. Nynorsk som IKT-språk er peikt på som særskild viktig: «Ved å leggja til rette for eit samspel mellom offentlege og private aktørar må det i åra framover takast eit krafttak for reell likestilling mellom målformene også i teknologibasert språkproduksjon og språkkommunikasjon, mellom anna ved å arbeida for eit meir fullverdig tilbod av nynorsk programvare og for tilgang til nynorsk innhald på Internett.». I den samanhengen har vi òg merka oss målsetnaden som er formulert på s. 1 i strateginotatet: ”sikre bruk og utvikling av norsk (både bokmål og nynorsk) og samisk språk i en verden som blir stadig mer preget av angloamerikansk kultur.” Vi gjer merksam på at nynorsk og bokmål er jamstelte mål.

Likevel er nynorskperspektivet lite til stades i strateginotatet frå UFD. Vi føreset at det vert endra.

For Noregs Mållag var det ein viktig siger at Stortinget i juni 2004 gjekk inn for å oppheve unntaket for språklege parallellutgåver som var sett til administrativ programvare. Stortinget sa frå om at dette unntaket var i strid med mållova og prinsippet om jamstilling mellom nynorsk og bokmål. No er det viktig å leggje til rette for å fremje reell jamstilling på det digitale området.

Mykje tyder på at vi får meir bruk av digitale læremiddel i skulen, og då er det viktig å sikre måljamstillinga gjennom parallellutgåver av læreverky og gjennom andre kunnskapsressursar på nynorsk. Det siste momentet er viktig å trekkje fram i høve planane om eit allment nynorsk leksikon på Internett.

For Noregs Mållag er det viktig å poengtere at digitale læremiddel er billegare å lage språklege parallellutgåver av, av di ein slepp ekstra prente- og setjekostnader. Det tilseier at læremiddel som i dag ikkje finst på nynorsk, t.d. leksikon, òg skal kome ut i ei nynorskutgåve.

Det er òg naudsynt med nynorsk brukargrensenitt.

Ei strategisk satsing inneber at ein vurderar framgangsmåtar – teknisk og innhaldsmessig – for å sikre jamstilling mellom nynorsk og bokmål på det digitale opplæringsområdet.

Noregs Mållag vil vidare peike på trongen for ein norsk språkbank, dvs. ei samling av norske språkressursar i form av store mengder tekst og tale som er elektronisk lagra og tilrettelagde for ulike typar bruk og gjenbruk. I denne samanhengen kjem òg ynsket om å digitalisere språk- og litteraturarven, både på nynorsk og bokmål og på tidlegare språkformer.

venleg helsing
Noregs Mållag

Endre Brunstad
leiar

Gro Morken Endresen
dagleg leiar